

Retningslinjer for tilskot til tiltak i beiteområde

Innhold

1. Føremål	3
2. Regelverk	3
3. Målsettingar	3
4. Kven kan søkje?	3
5. Kva kan det søkast på og kva vert prioritert?	4
6. Utfordringar i Herøy kommune	4
7. Generelle vilkår	5
8. Søknadsfrist og søknad	5
9. Berekning av kostnadsgrunnlag	5
10. Tilskotsutmåling	7

Foto: Kristin Myrene

1. Føremål

Tilskot til tiltak i beiteområde skal legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda.

2. Regelverk

[Forskrift om tiltak i beiteområde.](#)

3. Målsettingar

- Auke beitebruken i utmarka med fleire beitedyr
- Få opp bruken av beiting i utmarka
- Hindre gjengroing av utmarksareala
- Redusere tap av dyr på utmarksbeite
- Redusere konflikt mellom beitedyr og friluftslivet, og konflikt inn mot bustadområda.

4. Kven kan søkje?

Tilskot etter denne forskrifta kan gis til lag eller foreiningar (beitelag, grunn-eigarlag, radiobjøllelag) som er registrert i einingsregisteret og der medlemmen i laget har beitedrift som del av si landbruksnæring.

Ordninga gjeld også for føretak som har rett på produksjons- og avløysartilskot i jordbruket, der det grunna naturgitte eller driftsmessige forhold ikkje ligg til rette for samarbeid.

5. Kva kan det søkast på og kva vert prioritert?

Tilskotet kan gå til investeringstiltak og/eller planlegging av tiltak i beiteområda i prioritert rekkefølge.

- a. Etablering av beitelag der det ikkje er beitelag frå tidlegare.
- b. Etablere nye gjerde/sperregjerder mot kritiske soner som turveggar og bu stadfelt. Merking av grinder og beiteområde med at det går beitedyr i utmarka
- c. Sanke- og skilleanlegg for medisinerings og sanking av dyr.
- d. Plassering av saltstein for å styre dyra vekk frå dei mest populære turområda
- e. Elektroniske radiobjøller/ overvakingsutstyr.
- f. NoFence eller tilsvarande. Det er ein føresetnad at dyra skal nytte område som er definert som viktige beiteområde. Ordninga gjeld for område der det er utfordrande å få etablere sperregjerde eller utmarksgard. Tilskotet gis til beitelag. Der eit føretak, ut frå naturgitte eller driftsmesige årsaker ikkje kan samarbeide med andre, kan einskildføretak søkje.

6. Utfordringar i Herøy kommune

I Herøy kommune har det vore stabilt med beitedyr dei siste åra. Vi ser likevel med uro på at det blir færre beitedyr på fjellet på Runde. Øya har mykje hekkande fugl og desse områda er avhengig av beitedyr for å halde vegetasjonen nede. Det er og beiteområde som er felles med nabokommunen der det ikkje er samarbeid om beitebruk over kommunegrensa. Beiteområda i kommunen vert og naturleg avgrensa til kvar øy slik at dei ikkje vert særleg store i utstrekning.

Den auka ferdselen i fjella og auke i hundehald er med på å skape utfordringar mellom beitedyr og friluftsliv. Og ikkje minst er mangel på vedlikehald av utmarksgjerder eit stort problem i heile kommunen.

I Herøy har vi eit velfungerande beitelag, men utfordringane elles i kommunen er at det ikkje er andre som har klart å danne beitelag, og difor er det flest enkeltgardbrukarar som står aleine og som driv beite i utmarksområda i kommunen.

7. Generelle vilkår

Dyra må beite minst 5 veker på utmarksbeite og meir enn halvparten av medlemmer i lag eller foreining må ha rett til produksjonstilskot. Dette må kunne dokumenterast ved eventuell kontroll.

8. Søknadsfrist og søknad

Søknadsfristen er satt til 1. april. Søknadar som kjem inn til fristen vil ha fyste prioritet. Søknadar som kjem inn etter fristen vert handsama dersom det er ledige midlar etter hovudtildelinga.

Søknaden er elektronisk og skal skrivast på søknadsskjema som ligg i Altinn. Søknaden skal innehalde kostnadsoverslag og finansieringsplan. Det skal ligge ved ei god skildring av tiltaket og det skal leggst med kart som syner beiteområdet. Det er eit vilkår at tiltaket ikkje er starta på før det ligg føre svar på søknaden.

9. Berekning av kostnadsgrunnlag

Vi nyttar rettleiande prisar frå Innovasjon Norge som utgangspunkt for kostnadsgrunnlaget. Eigenfinansiering skal gå fram av søknaden. Er føretaket mva-registrert skal de nytte kostandar utan mva. Viss ikkje kan de rekna mva som del av kostnaden.



Foto: Kristin Myrene



Foto: Kristin Myrene

10. Tilskotsutmåling

Forskrift om tilskot til tiltak i beiteområde gir følgende regler:

- Investeringstiltak til faste installasjoner – inntil 50 % av godkjent kostnads-overslag.
- Ved innkjøp av elektronisk overvåkingsutstyr kan det gis tilskot med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag. Dette gjelder for inntil 50 % av dyretalet i beitelaget/ besetningen.
- For planleggings- og tilretteleggings prosjekter kan det gis tilskot med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag.
- NoFence eller tilsvarande – inntil 60 % av godkjent kostnadsoverslag for maks 50 % av totalbesetninga. Det er ein føresetnad at dyra skal nytte område som er definert som viktige beiteområde. Ordninga gjeld for område der det er utfordrande å få etabler sperregjerde eller utmarksgard. Tilskotet gis til beitelag. Der eit føretak, ut frå naturgitte eller driftsmesige årsaker ikkje kan samarbeide med andre, kan einskildføretak søkje.

Herøy kommune
Rådhusgata 5

Postboks 274
6099 Fosnavåg

Layout, utforming: Kommunikasjonsavdelinga

Vår referanse: 26/8456-1

